



# Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74  
5943 Austrheim

9. november 2022

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

## Klage på løyve til bygging av landbruksveg (endrings- og tilleggssøknad) på gbnr. 185/1 m.fl. Isdalsvegen i Alver

Naturvernforbundet Nordhordland syner til brev frå Alver kommune datert 18.10.22 og 03.11.22 med svar på krav om byggestopp og spørsmål frå oss datert 11.10.22 og 26.10.22. Vi takkar for svara, men kan framleis ikkje sjå at kommunen gjev fyllestgjerande svar på heilt sentrale spørsmål knytt til landbruksvegen.

Vi ønsker derfor å koma med klage på løyve til landbruksveg datert 06.10.22.

### 1. Bygging utan søknad og skriftleg løyve

I forskrift for landbruksvegar § 2-1 heiter det:

«Nybygging og ombygging av landbruksveier, etablering av massetak, samt tiltak som omfattes av § 1-3 andre ledd, kan ikke iverksettes uten skriftlig tillatelse fra kommunen.

Søknad om tillatelse skal sendes kommunen på skjema fastsatt av Landbruksdirektoratet.»

Så langt vi kan sjå. er berre ein liten del av landbruksvegen, dei første 500 m, bygd i samsvar med forskrifa for landbruksvegar sitt krav om søknad og løyve. Resten, dvs. ombygginga på 600 m og mesteparten av forlenginga på 500 m ned mot Langavatnet og forlenginga 300 m aust for Isdalfjellet er bygd utan søknad og skriftleg løyve frå kommunen. Det same gjeld tre sidearmar og eit større massedeponi. Då kommunen mottok endringssøknaden 29.08.22, var store delar av endringane gjennomførte, og anleggsarbeidet fortsette med uforminska styrke fram til løyve vart gitt 06.10.22. Vi vil leggja til at då Naturvernforbundet var på første synfaring i juli, var dette arbeidet alt då kome svært langt.

Store delar av landbruksvegen er altså slik vi ser det, bygd ulovleg utan skriftleg søknad og løyve. Dette meiner vi kommunen må ha kjent til, noko som også går fram av svarbrev frå sakshandsamar til Naturvernforbundet datert 03.11.22:

«Vegtraséen var opphaveleg tenkt lagt lenger ned mot Langavatnet og over til område «B» derifrå. Mellom anna for å redusere faren for avrenning av jordmassar, vart traséen lagt lenger bort frå vatnet. Dette vart gjort i **samråd** (mi utheving) med kommunen. Det initierte at ein laut byggje ein sidearm av vegen på austsida av dalsøkket som går ned mot (mot nord) Langavatnet. Dalsøkket vart då kryssa vesentleg lenger sør (lenger vekk frå Langavatnet) enn kva den opphavelege planen la opp til.»

At store delar av landbruksvegen er bygd utan skriftleg søknad og løyve kan ha ført til uboteleg skade på naturmangfold og kulturminne. Klageretten blir dermed illusorisk av di storparten av naturinngrepa er irreversible. Sidan nabovarsel vantar, er det heller ikkje mogleg for naboar å oppdatera kunnskapsgrunnlaget til kommunen.

## **2. Massedeponi kamuflert som landbruksveg?**

I svar på søknad om tildekking av vegskråning datert 11.11.21 seier kommunen: «Det skal ikkje tas imot så mykje massar at det vert betegna som deponi, og ikkje meir enn nødvendig for å dekke over sår i terrenget.»

Store delar av landbruksvegen ber nettopp preg av deponi, i sær forlenginga ned mot Langavatnet og forlenginga mot Istdalfjellet, der landskapsinngrepa er store. I tillegg er det bygd eit større massedeponi ved den nordlegaste sidearmen. Vegmassane er til dels forureina av asfaltrestar og betong. Også dette er i strid med kommunen sitt svar til tiltakshavar: «Det tillates kun mottak av reine masser».

Sjølve vegbygginga har som vi påpeiker i pkt. 1, skjedd utan søknad og løyve. I tillegg kjem altså brota på kommunen sine føringar for handtering av masse.

Med svært høge fyllinger og breidde på opp til 12 meter er landbruksvegen etter vårt syn kraftig overdimensjonert. I høve landskapet er verknaden brutalisering og har ført og fører høgst sannsynleg til større avrenning av jordmassar til Langavatnet.

Vi undrar oss over dimensjoneringa og spør oss om det har vore press for å ta i mot masse frå prosjekt i Nordhordland, t.d. rundkøyringa i Knarvik.

Delar av tiltaket står meir fram som massedeponi enn landbruksveg.

## **3. Manglande vurderingar etter naturmangfaldlova**

Søknaden og løyvet datert 06.10.22 stettar etter vårt syn ikkje krava i naturmangfaldlova §§ 7-12 om tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, bruk av føre var-prinsippet, vurdering av samla belastning og miljøforsvarlege teknikkar. Dei tre siste prinsippa er ikkje drøfta i saksutgreiinga i det heile, og kunnskapsgrunnlaget er mangefullt utgreidd.

Når det gjeld kunnskapsgrunnlaget burde naboar vore kontakta og det burde vore gjort undersøkingar av vassmiljøet i samsvar med vassforskrifta, m.a. gjennom systematiske vassprøveuttak og kartlegging av naturmangfaldet i Langavatnet.

I forhold til føre var-prinsippet, er det sterkt kritikkverdig at kommunen ga munnleg løyve til nybygging og ombygging utan at søknad var kome inn og skriftleg løyve med klagerett var gjeve. Det kunne ha forhindra potensielle skadar på naturmangfaldet.

Samla belastning er heller ikkje vurdert. M.a. ville det vore naturleg å vurdera konsekvensar for øvre delen av Fiskesetvassdraget.

Med utangpunkt i den omfattande jordavrenninga som har vore og som har forureina Langavatnet, burde det som vilkår for løyvet dagsett 06.10.22 vore sett krav om konkrete avbøtande tiltak som leier overflatevatn vekk frå Langavatnet eller filtrerer det, altså «miljøforsvarlege teknikkar». Det er ikkje forsvarleg eller betryggande at slike tiltak vert overlate til tiltakshavar å gjennomføra.

## **4. Krav**

### **1. Sanksjonar mot tiltakshavar**

Forskrift for landbruksvegar §§ 4-4 og 4-5 opnar for sanksjonar ved alvorlege brot på forskrifa. Bygging av landbruksveg utan søknad og skriftleg løyve burde etter vårt syn tiltakshavar ha kjent til er ulovleg. Tiltaket har dessutan stort skadepotensiale.

Vi meiner derfor lovbrotet er forsettleg og at kommunen difor må melda lovbrotet til politiet for bøtlegging.

## 2. Betre sakshandsaming

Kommunen si sakshandsaming er sterkt kritikkverdig og har ikkje følgd prosedyrar som gjeld i forskrift for landbruksvegar. Sjølv om kommunen må ha kjent til at storparten av vegen blei bygd utan søknad og skriftleg løyve, har landbrukskontoret ikkje gripe inn med krav om stans eller andre sanksjonar. Dette har skjedd sjølv om kommunen på eit tidleg tidspunkt og fleire gongar sidan av nabo har vore varsle om betydeleg jordforureining i Langavatnet frå tiltaket.

Snarare ser det ut som kommunen har sett gjennom fingrane med lovbrota og lete tiltakshavar halda fram og nær ferdigstilla prosjektet utan skriftleg løyve. Det kan ha ført til stor skade på naturmangfald og kulturminne, ikkje minst fordi klageretten nærest blir illusorisk når inngrepet allereie er gjennomført og naboinnspel vantar.

Naturvern forbundet krev at landbrukskontoret forbetrar rutinane sine for handsaming av søknader etter forskrift om landbruksvegar ved å respektera kravet om skriftleg løyve og ikkje minst innarbeider naturmangfaldlova sine prinsipp i vurderingane. Nabovarsel bør vera ein naturleg del av sakshandsamingsa. Vi vil dessutan foresla at søknader om landbruksveg vert politisk behandla.

I tillegg må landbrukskontoret betra tilsynet og i samsvar med forskrifa ikkje gje munnlege løyve når tiltakshavar pressar på eller kommunen har endringsforslag eller hastverk. Landbrukskontoret må dessutan i langt større grad nyta sanksjonar mot forskriftstridige og ulovlege tiltak.

Landbrukskontoret dekker kommunane Alver, Austrheim og Fedje. Ikke berre Alver slit med ulovlege landbruksvegar. Dette er eit ålment problem i Nordhordland. Betre sakshandsamingsrutinar og tilsyn vil derfor ha positive effektar også for tiltak i nabokommunane.

I Bergen har riksadvokaten opna etterforsking av skogsbilvegane på Fanafjellet. Saka har klåre parallellear til tiltaket Isdalfjellet. Ryddigare sakshandsaming kunne ha forhindra naturskadane.

## 3. Ny vurdering etter naturmangfaldlova

Før løyvet av 06.10.22 vert iverksett, må kommunen gjennomføra fullstendige vurderingar etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 7-12 med vekt på best mogleg kunnskapsgrunnlag, føre var-prinsippet, samla belastning og miljøforsvarlege teknikkar.

I den samanhengen må også avbøtande tiltak vurderast.

## 4. Kartlegging av kulturminne

Før løyvet av 06.10.22 vert iverksett må kulturminne i tiltaksområdet kartleggjast betre, m.a. gamal ferdsselsveg/sti frå Søre Åse gjennom tiltaksområdet til Gjervik.

Om det viser seg at kulturminne er skada eller øydelagde, må dei i størst mogleg grad restaurerast.

## 5. Avbøtande tiltak

Alver kommune må stilla vilkår om konkrete tiltak som forhindrar avrenning av jordmassar til Langavatnet og Fiskesetvassdraget, jfr. prinsippet om miljøforsvarlege teknikkar i naturmangfaldlova.

I tillegg må tiltakshavar påleggjast systematisk prøvetaking frå Langavatnet.

Jan Nordø  
Leiar

